

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0196	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015			
<b>Prosjektnavn</b>	Framtidsfylket karrieremesser 2016			

### Kort beskrivelse

Framtidsfylket vil i 2016 arrangere karrieremesser for heile Sogn og Fjordane for tiande gong i byane Oslo, Trondheim og Bergen.

### Prosjektbeskrivelse

#### Bakgrunnsinfo

Sogn og Fjordane har sidan 2007 organisert eigne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. I 2016 er det tiande gongen vi som fylket viser fram karrieremoglegheitene som finns i vårt næringsliv til unge vaksne i desse byane. Responser har i alle år vore bra, og evalueringane tyder på at messene er innarbeid som ein viktig møteplass for studentar, nyutdanna og næringslivet vårt. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i alle desse åra vore ein særskilt viktig støttespelar. Framtidsfylket er særskilt takksam for både økonomisk støtte og engasjement. Begge deler er, og har vore, heilt naudsynt for suksess.

I 2015 opplevde vi ein oppsving i tal standar i Bergen, noko som gjorde at vi for første gong måtte nytte 2 etasjar. Messa i Bergen er den største, og vil nok alltid vere den aller viktigaste for dei fleste bedrifter. Som resultat av arbeidet med karrieremesser er det fleire verksemdar som rapporterer om tilsettingar som følgje av kontakt etablert på messene. Samstundes fortel evalueringa at gjestane har fått auka kunnskap om mangfaldet i jobbmarknaden. Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidreg positivt til profilering av fylket vårt er det ikkje tvil om.

#### Marknadsføring

Vi har stort fokus på å nå fram til målgruppa. Det er sjølv sagt ei stor utfordring sidan vi som fylke ønskjer å nå ei stor breidde av folk. Evalueringa vår tyder på at sjølv om vi kjøper mykje annonseringstenester, så er det på sosiale medium, eigne epostlister og «jungeltelegrafene» vi får aller størst verknad når vi inviterer til messer. Vi kjem til å ha stor fokus på korleis vi best mogleg nyttar desse media, samstundes som vi fortsatt må kjøpe ein god del annonsering internt i eige fylket og i dei rette studentkanalane.

Framtidsfylket sin eigen nettportal lanserast i ny drakt i september 2015, og vi håpar denne vil stå fram som meir brukarvenleg, og vil bidra til meir merksemd kring messene i 2016.

Mobilisering internt i heile fylket er viktig for resultatet. Ei brei forståing hos verksemdene i Sogn og Fjordane om at dette er «deira eige arrangement» som dei ønskjer å snakke varmt om, har stor marknadsvardi. Dette er fortsatt eit viktig dugnadsprosjekt for framtida til fylket vårt.

## Arrangementa 2016

Vi jobbar heile tida for å fornye oss, og vil gjere nokre grep for dette også neste år. Alle desse elementa er tilpassingar vi gjer utifrå tilbakemeldingar frå gjestar og standhaldarar.

Nytt av året vil vere å ta i bruk film som eit sterkare verkemiddel. Framtidsfylket har eit prosjekt gåande som heiter «Digitale forteljingar». Resultatet av dette skal nyttast på messene i 2016. Både som papirmagasin, men og som eit digitalt magasin med små filmreportasjar. I Bergen kjem vi til å møblere ein eigen arena i messeområde som viser film (med headset for at lyden ikkje skal forstyrre standane). I tillegg kjem vi til å tilrettelegge eit eige gründertorg. Vi meiner det er viktig at vi i Sogn og Fjordane marknadsfører oss enno betre på kva fordelar ein har ved å etablere seg i fylket vårt. Messa i Bergen vil gå over 2. etasjar i Grieghallen også i 2016.

Alle detaljane er ikkje på plass pr august 2015, men i grove trekk føl vi same mal som tidlegare kor vi vektlegg kvalitet mhp innhald og stad. Det vert i 2016 ikkje lagt opp til ein eigen lang plenumssamling som tek vekk viktig mingletid mellom studentar og standhaldarane. I staden vel vi å booke inn Eva & The Heartmaker (dei spelar nokre få låtar, og er eit trekkplaster på plakaten) i tillegg til dei nemnde nyvinningane (filmkrok og grundertorg) som vi trur vil formidle det same som tidlegare plenumssamlingar, men på ein mindre oppstykkande måte. Sist, men ikkje minst tilrettelegg vi for ein kveld med god mat og drikke for alle standhaldarane i Bergen etter messa. For positiv utvikling av fylket vårt, er styrking av nettverk og gode relasjonar på kryss og tvers i næringslivet særst viktig.

## Datoane og lokalval i 2015

Trondheim - Scandic Nidelven - 28. januar,

Oslo - Ballroom - 4. februar,

Bergen - Grieghallen - 10. februar,

## Samarbeidspartnarar

Framtidsfylket AS er prosjektleiar og ansvarleg for både økonomi og gjennomføring. Vi har det administrative arbeidet for å planlegge dette, men vi ønskjer å jobbe tett saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane, utviklingsselskap, næringsliv og regionråd.

## Midlar

For å kunne realisere desse profileringsmessene til Sogn og Fjordane vil det vere naudsynt å lage til eit spleiselag slik som tidlegare år. Den totale budsjettamma for Trondheim, Oslo og Bergen i 2016 er på 1.975.000 kroner. Storparten av finansieringa for dette kjem frå standhaldarar gjennom deira betaling av standavgift. I tillegg søkjer prosjektet midlar frå alle 4 regionar, Sparebankstiftinga og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Framtidsfylket meiner det er viktig å oppretthalde innsatsen på desse etter kvart tradisjonsrike karrieremessene. Dei er viktige for næringslivet og kommunane i Sogn og Fjordane, særleg med tanke på framtidige utfordringar i forhold til rekruttering.

Framtidsfylket søkjer difor fylkeskommunen i Sogn og Fjordane om kr 200.000,- i støtte til gjennomføring av karrieremesser i Oslo, Trondheim, og Bergen.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Framtidsfylket AS Org.nr:992403896	Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE	91321392
Kontakt- person	Gro Rukan	Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE	91321392
Prosjekt- leder	Gro Rukan	Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE	91321392

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Har mottatt støtte til Karrieremesser i 2013, 2014 og 2015

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Sogn og Fjordane slit med nedgang i folketalsutvikling og fråflytting. Næringslivet treng rekruttering. Mange unge nyutdanna veit ikkje kva moglegheiter som finns til å gjere karriere i Sogn og Fjordane. På tiande året skal Framtidsfylket arrangere karrieremesser i Trondheim, Oslo og Bergen. Messene har etablert seg som eit årleg møtepunkt for mange som kan tenke seg å vurdere eit liv i Sogn og Fjordane.

### Prosjekt mål

Å auke tilflyttinga til Sogn og Fjordane på kort og på lang sikt. Vere ein viktig bidragsytar i å styrke omdøme til fylket ved å vise fram eit levande og spennande næringsliv.

### Forankring

Framtidsfylket AS er eigd av 36 verksemder frå privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane. Selskapet er skipa av næringslivet sjølve, og skal arbeide for alle i heile fylket. Namnet Framtidsfylket er innarbeid som ein merkevare for fylket, og næringslivet viser stor oppslutnad om traineeordninga, nettsida med stillingsutlysningar, og dei årlege karrieremessene.

I ti år har ulike verksemder i lag dratt til Trondheim, Oslo og Bergen for å vise fram moglegheitene til jobb og karriere i Sogn og Fjordane. I 2015 var det så mange som 78 stands i Grieghallen 26. februar. Det syner ei særst god evne til å vise fram i lag kva fylket har av kvalitetar.

### Prosjektorganisering

Administrasjonen til Framtidsfylket består av 2 personar; Gro Rukan og Kristine Folland. I hovudsak er det dei som organiserar det heile, men planlegginga er med utgangspunkt i evalueringar og innspel som kjem frå andre i fylket.

### Samarbeidspartnere

Dei finansielle samarbeidspartane på Karrieremessene er Sogn og Fjordane fylkeskommune, dei 4 regionråda, og bedriftene sjølve med deira standleige. For første gang er det sendt ein søknad til Sparebankstiftinga for å få ytterlegare støtte til fornying av messene. Desse midlane er planlagt å gå til styrking av formidling av Sogn og Fjordane som eit gründerfylke, vise fram meir film under messene, og til ein kveld med nettverksbygging verksemdene i mellom.

### Aktivitetar

3 stk karrieremesser.

### Målgrupper

Hovudmålgruppe: Unge vaksne under utdanning eller nyutdanna. Messene er åpne for alle aldersgrupper og utdanningsnivå.

### Resultat

Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidreg positivt til profilering av fylket vårt er det ikkje tvil om. Kvart år er det fleire bedrifter som melder om konkret tilsetjing av folk etter at dei fekk kontakt på stand.

Vi forventer at messene har effekt både på kort og lang sikt med å styrke kjennskapen til næringslivet i Sogn og Fjordane hos dei som studerer i desse 3 byane. Messene har og ein positiv intern effekt ved å samle så mange verksemdar til å dra i lag om å snakke fram det vi har av næringsliv.

### Effekter

Effektene er vanskeleg målbare, men når til dømes ein solid aktør som Deloitte Sogn og Fjordane seier dei nyttar Framtidsfylket sine karrieremesser som sitt hovudverktøy for rekruttering, så viser det av messene kan gje gode resultat om dei vert nytta godt av verksemdene sjølve.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Program for karrieremessene og val av stad ferdig medio september.

Påmeldingsskjema sendt ut til bedrifter medio september.

Frist for påmelding 1. desember 2015

Marknadsføring av messene: kontinuerleg frå august 2015 - primo februar 2016

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Administrative utgifter		525 000				525 000
Bergen 10. februar		425 500				425 500
Fornyng av konsept		100 000				100 000
Marknadsføring		396 500				396 500
Oslo 4. februar		219 300				219 300
Trondheim 28. januar		308 250				308 250
<b>Sum kostnad</b>		<b>1 974 550</b>				<b>1 974 550</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
eigendel bedrifter		1 384 550				1 384 550
Regionråda		240 000				240 000
Sparebankstiftinga		150 000				150 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2015		200 000				200 000
<b>Sum finansiering</b>		<b>1 974 550</b>				<b>1 974 550</b>

## Geografi

1400-Sogn og Fjordane

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
budsjett KM 2016 signert.pdf	566 163	30.08.2015
EVALUERINGSRAPPORT FRAMTIDSFYLKET KARRIEREMESSER 2015.pdf	717 903	30.08.2015
Søknad KM 2016 Sogn og Fjordane fylkeskommune signert.pdf	1 394 389	30.08.2015